6. Kommentar: I følgje fangststatistikken avtok innsiget av villaks dramatisk frå 1998, men i følgje folk som fiska i elva var det også svært lite villaks i elva i 1996 og 1997. Gytebestanden har vore dominert av rømd oppdrettslaks sidan hausten 1995, og dei aller siste åra har det vore svært vanskeleg å få tak i vill gytelaks om hausten. Produksjonen av presmolt laks var høg i 1999 (2000-årgangen av smolt), men rekrutteringa av 1999-årgangen av laks var relativt svak og smoltproduksjonen kan bli lågare enn berenivået i 2002 og 2003. Også i 1996 var det høg tettleik av presmolt, men dei siste smoltårgangane må ha blitt utsett for svært høg dødelegheit i sjøen. Genetisk status for laksen i Steinsdalselva er usikker, for etter 1995-96 har det vore lite villaks som har gytt i elva.


7. Referansar: RB-rapport 420, 466.

19. ØYSTESEELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	43 km²	**Anadrom strekn.**	0,9 km
Komm. nr.	Kvam, 1238	**Vassføring**	4,1 m^3/s	**Anadr.areal**	18. 000 m²
Vassdragsnr.	052.6Z	**Temp. mai-juli**	-	**Ant. innsjøar, anadr.**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-98		Gytebestand		Innsig		Egg/m²			Presm	Årsyng.
	antal	vekt	Snitt	obs. 00	Snitt	00	mål	snitt	00	/100 m²	L, mm
Laks	6	30	5	-	11	-	3	0,8	-		
Sjøaure	12	1,4	12	-	24	-	3	0,9	-		

Fangsten av laks har vore låg dei siste 30 åra, og det er usikkert om Øysteseelva har ein eigen laksebestand. Det er sannsynleg at det gyt laks i elva kvart år, men bakgrunnen til desse er ukjend. Under el. fiske på to stasjonar i november 1995 vart det fanga 45 aureungar og 13 lakseungar (22 % laks), men lakseungane stamma frå utsettingar.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	90	91	92	93	94	95	96	97	98	99	00		snitt
Fiskeses.														
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ingen, men planar	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygningar	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	Stengd for fiske
Vasskvalitet	pH > 6	**Fisketrapper**	Ingen
Nye fiskeartar	Ingen	**Fiskeutsettingar, laks**	1992: 22.700 ufora, 1995: 5.300 startfora, 1996: 500 1-somrig
Lakselus	Sanns. stort problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Det er usikkert om Øysteseelva no har ein sjølvrekrutterande laksebestand, eller om laksen som blir fanga i vassdraget er rømd laks, kultivert laks eller feilvandra villaks.

7. Referansar: Nordland 1983, RB rapport 200.

20. BOTNAELVA (FLATABØELVA)

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	27 km^2	**Anadrom elvestrekning**	2,2 km
Komm. nr.	Kvam, 1238	**Vassføring**	2,5 m^3/s	**Anadromt elveareal**	22.000 m^2
Vassdragsnr.	052.5Z	**Temp. mai-juli**	6,9 °C ^{00}	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst

Ikkje fangststatistikk, men det er innrapportert ein gjennomsnittleg fangst av 16 kg sjøaure i åra 1976-1978. For 1993 er det rapportert at det ikkje vart fanga fisk.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 99**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**99**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	-	-	-	1	-	-	0	-	0,3	0 ^{99}	-
Sjøaure	-	-	-	36	-	-	3	-	2,8	30 ^{99}	47 ^{99}

Ved ungfiskundersøkingar i Botnaelva i 1999 vart det ikkje fanga lakseungar. Det vart observert ein gytande laks (rømd oppdrett). Elva er svært kald om sommaren og rekrutteringa av laks er mest sannsynleg temperaturavgrensa.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.											100			

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ja	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketider, laks**	15/7 – 15/9
Vasskvalitet		**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Tidlegare
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris		**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Botnaelva har ikkje laksebestand og er sannsynlegvis for kald til vellukka rekruttering av laks dei fleste år.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 420.

21. GRANVINSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	177 km^2	**Anadrom elvestrekning**	8 km
Komm. nr.	Granvin, 1234	**Vassføring**	10,3 m^3/s	**Anadr.areal**	160.000 m^2
Vassdragsnr.	052.1Z	**Temp. mai-juli**	-	**Ant. innsjøar, anadr.**	1: 4 km^2

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). Villaksen var freda i 2000. Fangstane av sjøaure er utelatne for åra -84, -85, -87, -88, -89, og -90 fordi dei med stor sannsynlegheit er feil i den offisielle statistikken. Garnfangstar av sjøaure i Granvinvatnet er inkludert.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	37	3,8	35	-	72	120	3	0,8	1,3	6,8 ^{99}	56 ^{99}
Sjøaure	220	1,6	220	-	440	248	3	2,3	1,0	1,3 ^{99}	58 ^{99}

Granvinsvassdraget var kjent som eit av dei beste sjøaurevassdraga på Vestlandet, men det var gode fangstar av laks. Fram til tidleg på 1990-talet vart det meste av sjøauren fanga på garn i Granvinvatnet. Fangstane av villaks og sjøaure har avteke sterkt på 1990-talet. I snitt gytte det anslagsvis 23 laksehoer kvar haust i perioden 93-00, og 37 i 2000. Tettleiken av kjønnsmogne hannparr av laks var 5,4/100 m² (registrert 30. mars 2000). Effektiv gytebestand har vore i storleiksorden 100 på 1990-talet og ca. 150 i 2000. Potensiell produksjon av laksesmolt er ca. 12000. Ungfiskundersøkingar indikerer svak rekruttering av årsklassane frå 1998 og spesielt den frå 1999. Dette kan medføre at berenivået for smoltproduksjon ikkje vil bli nådd for smoltårgangane 2001-2003.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**Snitt**
Fiskeses.											100	> 55		Høgt
Gyteses.								> 50						Høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Nei	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid 2000**	Villaks freda, sjøaure 15/7-30/9
Vasskvalitet	God, pH >6	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Røye (1960-talet)	**Fiskeutsettingar, laks**	Ikkje etter 1992, men tidlegare
Lakselus	Påvist stort problem for sjøaure	**Genbank**	Frosen genbank
G. salaris	Nei (89)	**Driftsplan**	1999

6. Kommentar: Inntil 1999 var produksjonen av laksesmolt i Granvinselva sannsynlegvis nær berenivået, men dei fleste smoltårgangane på 1990-talet har hatt låg overleving i sjøen. Utover 1990-talet har det vore lite villaks og eit høgt innslag av rømd oppdrettslaks i fangst og gytebestand, og sidan 1997 er det blitt fanga svært få villaks. Det er påvist store påslag av lakselus på sjøaure frå Granvinselva, og laksesmolten har med stor sannsynlegheit vore utsett for det same i fleire av åra på 1990-talet.


7. Referansar: RB rapport 105, 466, 469.

22. SIMA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	140 km^2	**Anadrom elvestrekning**	4,2 km
Komm. nr.	Eidfjord, 1232	**Vassføring**		**Anadromt areal**	70.000 m²
Vassdragsnr.	050.4Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N. areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). Villaksen var freda i 2000.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	-	-	-	-	-	-	3	-	-	-	-
Sjøaure	-	-	-	-	-	-	3	-	-	-	-

Vassføringa i Sima er sterkt redusert etter regulering. Det er ein relativt talrik sjøaurebestand i elva, men det er førebels ikkje klart om det også veks opp lakseungar.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ja, store deler fråført	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep		**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid 2000**	Laksen freda, 15/7 – 15/9 for sjøaure
Vasskvalitet	God, pH > 6,5	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	500 smolt i 1993 og 1995
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (89)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Det er usikkert, men lite sannsynleg at Sima har ein sjølvrekrutterande laksebestand.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 105.

23. EIDFJORDVASSDRAGET

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	*982 km²*	**Anadrom elvestrekning**	9,6 km
Komm. nr.	Eidfjord, 1232	**Vassføring**	*25 m³/s*	**Anadromt elveareal**	290.000 km²
Vassdragsnr.	050.Z	**Temp. mai-juli**	-	**Ant. innsjøar, anadr.**	1:3,6 km²

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). I år 2000 var villaksen freda, og oppgjeven fangst er av rømd oppdrettslaks.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	107	4,5	113	107	220	186	3	2,0	1,3	*4*	*44* [00]
Sjøaure	302	1,4	302	409	604	822	3	1,4	1,3	*2*	*50* [00]

Laksebestanden er dominert av mellom- og storlaks. Fom. 1997 har det vore høge innslag av rømd oppdrettslaks, med heile 74 % i fiskesesongen i 1999. Bestanden av vill laks har dermed avteke meir på slutten av 1990-talet enn det fangststatistikken viser. I snitt gytte det anslagsvis 80 laksehoer årleg i perioden 93-00 og 64 i 2000, inkludert rømd laks. Tettleik av presmolt og storleik av årsyngel er basert på materiale frå Eio innsamla i april 2001. Ved dette høvet var tettleiken av kjønnsmogne lakseparr 2/100 m². På 1990-talet var den effektive gytebestanden i storleiksorden 300 i gjennomsnitt, inkludert rømd oppdrettslaks. Det er indikasjonar på redusert rekruttering av einskilde årgangar av laks på slutten av 1990-talet, og fåtallig bestand av vill gytelaks kan vere ein del av forklaringa.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.											74			
Gyteses.						8	0	25	44	60	67	25		

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Store deler fråført	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd, kjerr	**Beskatning, sportsf.**	57 % for laks, 24 % for sjøaure i 1999
Forurensing		**Fisketid, laks**	Stengt for fangst av villaks i 2000
Vasskvalitet	pH > 6	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Røye (frå 1970-talet)	**Fiskeutsettingar, laks**	10.500-17.100 smolt (93-99)
Lakselus	Sanns. stort problem	**Genbank**	Frosen, litt materiale i levande
G. salaris	Ikkje påvist [00]	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Sidan 1996 har innsiget av villaks vore lite og andelen rømd oppdrettslaks kom opp i over 60 % i gytebestanden i 1998 og 1999. Innblanding av rømd laks har pågått i ein relativt kort periode, og i 2000 var innslaget av rømd laks igjen redusert. Det er sannsynleg at påslag av lakselus har medført stor dødelegheit på utvandrande smolt sidan 1995, og at dette er hovudårsaka til nedgangen i villaksbestanden i vassdraget.


7. Referansar: NINA Oppdragsmelding 645, 659, 692.

24. KINSO

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	282 km^2	**Anadrom elvestrekning**	4,5 km
Komm. nr.	Ullensvang, 1231	**Vassføring**	13 m^3/s [96]	**Anadromt elveareal**	80.000 m^2
Vassdragsnr.	050.1Z	**Temp. mai-juli**	Låg	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1988-92. Fom. 1997 har fisket vore retta mot rømd oppdrettslaks med fiskestart den 1. august, og øvre del av elva har vore totalfreda.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		Gytebestand		Innsig		Egg/m²			Presm	Årsyng.
	antal	vekt	snitt	obs. 00	snitt	00	mål	snitt	00	/100 m²	L, mm
Laks	44	3,8	41	-	85	130	3	2,3	3,2	8,6 [98]	43 [98]
Sjøaure	83	1,1	83	-	166	340	2	1,0	1,6	3,0 [98]	55 [98]

Før 1997 var laksebestanden i Kinso dominert av mellomlaks, og med betydeleg innslag av storlaks enkelte år. I snitt gytte det anslagsvis 30 laksehoer kvart år i perioden 1993-00, og 45 i 2000. I mars 1999 var tettleiken av kjønnsmogne dverghannar 6/100 m², og av 2+ hannar var 68 % kjønnsmogne. Effektiv gytebestand var dermed i storleiksorden >100, men av desse utgjorde rømd oppdrettlaks ein betydeleg andel. Lengda på årsyngel laks indikerer at Kinso er kald i første del av sommaren og dette kan bety at rekrutteringa til tidleg gytande rømd oppdrettslaks er temperaturavgrensa. Dersom temperaturen generelt ikkje er avgrensande for rekrutteringa av laks, er produksjonspotensialet for laksesmolt i storleiksorden 8000. I 1997 var det eit stort innsig av rømd oppdrettslaks, og dette var ein ny situasjon i denne elva. Frå og med dette året har det vore strenge restriksjonar på fiske etter villaks i elva, med fokus mot å fiske opp rømd oppdrettslaks.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	90	91	92	93	94	95	96	97	98	99	00		snitt
Fiskeses.									91		84			
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Nei, berre eit lite elvekraftverk	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep		**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	1/8-15/9, kun oppdrett
Vasskvalitet	pH >6,2, bunndyrdx=1(1998)	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Nei
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Sidan 1997 har rømd oppdrettslaks dominert fangsten av laks i Kinso på grunn av restriksjonar på fangst av villaks, men også på grunn av betydeleg innsig av rømd laks. Denne situasjonen var ny for denne elva i 1997, og innblanding av rømd laks før den tid var låg eller moderat. Gytesuksessen til rømd laks kan vere temperaturavgrensa, og innblandinga er usikker. Gytebestanden av villaks har vore fåtallig, men så seint som i 1999 gjekk det ut ein relativt talrik årgang av laksesmolt frå elva.


7. Referansar: RB-rapport 415.

25. OPO

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	411 km^2	**Anadrom elvestrekning**	1,5 km
Komm. nr.	Odda, 1228	**Vassføring**	37 m^3/s	**Anadromt elveareal**	45.000 m^2
Vassdragsnr.	048.Z	**Temp. mai-juli**	Låg	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). Etter 1998 har villaksen vore freda.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-98		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**Mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	73	4,1	77	-	150	-	2	8,2	-	5,4 ^{99}	48 ^{99}
Sjøaure	89	1,7	89	-	178	-	2	0,9	-	0,7 ^{99}	49 ^{99}

Laksebestanden i Opo er dominert av mellomlaks og storlaks, men etter 1994 har gjennomsnittsvekta avteke, delvis på grunn av eit aukande innslag av laks med klekkeribakgrunn, og etter 1997 også rømd laks. Frå og med 1997 vart det fanga få villaks i elva, og dette medførte freding. Opo er kald i første halvdel av sommaren, og enkelte år er truleg rekrutteringa av laks redusert på grunn av låg temperatur. Det var god rekruttering av laks i 1997 (etter gytinga i 1996), men dårleg rekruttering av laks i 1998 og 1999. Det er usikkert om dette skuldast låg temperatur, og/eller få ville gytelaks. Rømd laks gyt normalt tidleg, og i Opo vil gytesuksessen til denne gruppa truleg vere temperaturavgrensa. Det har vore tilfelle med utslepp av forureinande stoff (cyanid) og påfølgjande fiskedød, t.d. i januar 1996. Frå det lokale klekkeriet er det blitt sett ut 1-somrig laks og smolt (4000 i 1996). Dei siste åra har dei ikkje greidd å fange tilstrekkeleg med vill laks til å drive kultivering. Seint i mars i 2000 var det ein gjennomsnittleg tettleik av kjønnsmogne dverghannar av laks på 4,8/100 m² Den effektive gytebestanden av villaks er likevel fåtallig på grunn av lågt antal ville hoer. Dersom sommartemperaturen ikkje er avgrensande, er potensialet for produksjon av laksesmolt anslagsvis 3000. Ovanfor anadrom strekning finst det større areal med potensiale for produksjon av lakseungar.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.					10	20	6	16	Høgt	Høgt				
Gyteses.							25	18			100	24		

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Nei	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing	Fleire tilfelle	**Fisketid, laks**	Stengt for fiske etter 1998
Vasskvalitet	pH > 6	**Fisketrapper**	1 finst, men fungerer ikkje
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	1-somrig og smolt tom. 1996?
Lakselus	Sanns. stort problem	**Genbank**	Frosen
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Innsiget av villaks er blitt sterkt redusert utover 1990-talet, og påslag av lakselus på utvandrande smolt er den mest sannsynlege årsaka til nedgangen. Inntil 1997 var det relativt lite innslag av rømd laks i elva, og påverknaden har så langt vore relativt kortvarig. Det er også mogeleg at rekruttering av rømd laks er avgrensa av låg temperatur i juni.

7. Referansar: RB-rapport 214, 217, 466, 469.


26. JONDALSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	91 km^2	**Anadrom elvestrekning**	1 km
Komm. nr.	Jondal, 1227	**Vassføring**	7,3 m^3/s*	**Anadromt elveareal**	15.000m^2
Vassdragsnr.	047.2Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

*ved utløp Eidevatnet

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-1998. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-98		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	10	3,1	8	-	18	-	3	2,1	-	14,9 ^{99}	56 ^{99}
Sjøaure	23	1,2	23	-	46	-	3	1,6	-	16,2 ^{99}	59 ^{99}

Laksebestanden i Jondalselva er dominert av smålaks. Det er litt usikkert om den uvanleg høge laksefangsten i 1989 er reell. Dersom så var tilfelle kan dette vere eit større innsig av rømd laks eller laks utsett som smolt. På slutten av 1990-talet avtok fangstane av villaks, og dette medførte freding. Lengda på årsyngel av aure i 1999 indikerer at elva er såpass sommarvarm at rømd oppdrettslaks vil kunne gyte med suksess. Det var god rekruttering av laks i 1997 (etter gytinga i 1996), men dårleg rekruttering av laks i 1998 og 1999. Årsaka til den dårlege rekrutteringa dei to siste åra er ikkje kjent. Ut frå fangsttala skulle det vere svært lite gytelaks i elva hausten 1996, og den gode rekrutteringa året etter kom dermed frå ein fåtalig gytebestand, anslagsvis <5 laksehoer. I slutten av oktober i 1999 var det i gjennomsnitt 5 dverghannar/100 m². Den effektive gytebestanden av villaks er fåtalig (< 30) på grunn av det låge antalet vaksne hoer. Potensialet for produksjon av laksesmolt er anslagsvis 2000.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.							0		0	100		75		

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ja	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	Stengt for fiske
Vasskvalitet	pH>6	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	800 og 1200 smolt i -93 og -94
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (89)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Jondalselva har ein fåtallig laksebestand, og bestandsstatus er usikker på grunn av oppvandring og potensielt vellukka gyting av rømd oppdrettslaks dei siste åra.


7. Referansar: RB-rapport 469.

27. BONDHUSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	*60 km²*	**Anadrom elvestrekning**	2,5 km
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	5,8 m³/s	**Anadromt elveareal**	40.000 km²
Vassdragsnr.	046.3Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innnsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1990-2000. I perioden 1990 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**Snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	77	4,5	74	-	151	68	3	8,5	3,6	-	-
Sjøaure	118	1,3	118	-	236	306	3	3,4	4,7	-	-

Det vantar fangststatistikk for Bondhuselva inntil 1990. Ved elektrofiske i 1979 og 1980 vart det ikkje påvist lakseungar i elva. Fangsten av laks i elva på 1990-talet er hovudsakleg laks utsett som smolt og rømd oppdrettslaks. Fram til 1994 var elva sperra for oppvandring 150 meter ovanfor osen på grunn av setjefiskanlegget. Elva er sommarkald, og temperaturen kan vere avgrensande for rekruttering av laks.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**Snitt**
Fiskeses.														Sanns. høgt
Gyteses.														Sanns. høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Store deler overført	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	15/6-15/9
Vasskvalitet		**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Smoltanlegg ved elva	**Fiskeutsettingar, laks**	ca 1400 smolt i -93, ca. 1300 i -94
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (89)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Bestandsstatus for laks og produksjon av laksesmolt er usikker.


7. Referansar: Nordland 1983, fiskeforvaltar Atle Kambestad

28. ÆNESELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	50 km^2	**Anadrom elvestrekning**	10 km
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	4,8 m^3/s	**Anadromt areal**	150.000 m^2
Vassdragsnr.	046.1Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1969-1974, 1976 og 1989-1992.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**Vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**Mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	30	3,4	24	-	54	54	3	0,5	0,5	-	-
Sjøaure	25	1,2	25	-	50	44	23	0,2	0,1	4,4 [97]	44 [97]

På 1990-talet vart det kvart år fanga laks i Æneselva, men ved ungfiskundersøkingar i 1997 vart det ikkje fanga lakseungar. Liten storleik på årsyngel av aure indikerer at elva er kald i sommarhalvåret, og sannsynlegvis er temperaturen marginal for rekruttering av laks, og rømd laks spesielt.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														Høgt
Gyteses.														Høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Lite elvekraftverk	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep		**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	15/7-15/9
Vasskvalitet	PH~5,5	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Ingen	**Fiskeutsettingar, laks**	Ikkje i seinare tid
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris		**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Det vart ikkje fanga lakseungar i Æneselva i 1997, og fangsten av laks dei siste åra er sannsynlegvis rømd oppdrettslaks eller feilvandra villaks. Det er mogleg at elva er for kald for rekrutteringa av laks generelt, og rømd laks spesielt.


7. Referansar: RB-rapport 131, 380.

29. ROSENDALSELVANE (Melselva og Hattbergselva)

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	71 km^2	**Anadrom elvestrekning**	9 km
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	6,9 m^3/s	**Anadromt elveareal**	130.000 m^2
Vassdragsnr.	045,4Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	54	3,1	41	-	95	46	3	0,9	0,4	-	49 ^{96}
Sjøaure	125	1,1	125	-	250	314	3	0,7	0,8	-	55 ^{96}

Melselva og Hattebergselva renn saman ca 600 før utløpet i sjøen, og blir oftast rekna som separate vassdrag. Det blir årleg fanga ein del laks i vassdraget, men utover 1990-talet har fangsten i vore dominert av rømd oppdrettslaks. I januar 1997 vart det fanga 165 aureungar og 25 lakseungar (13 % laks) på 5 stasjonar i Melselva. Det føregår produksjon av laksesmolt i vassdraget, men i 1997 var produksjonen under berenivået. Det er usikkert om vasskvaliteten er avgrensande for rekruttering og produksjon av laks. Dersom vasskvalitet og gytebestand ikkje er avgrensande, kan vassdraget sannsynlegvis produsere betydelege mengder laksesmolt årleg.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**Snitt**
Fiskeses.														Høgt
Gyteses.								89	100		92			Høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Elvekraftverk	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd, tersklar	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	1/7-15/9 i 2000
Vasskvalitet	Variabel, pH~5,8	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	6000 startfora i 1994
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (89)	**Driftsplan**	Ja

6. Kommentar: Det er mogeleg at vasskvaliteten i vassdraget så langt har vore avgrensande for rekruttering og produksjon av laks. Genetisk status for bestanden er usikker på grunn av lite villaks og stort innslag av rømd oppdrettslaks i gytebestanden på slutten av 1990-talet.


7. Referansar: Nordland 1983, Hattebergselva sist undersøkt hausten 1995, RB-rapport 243, Melselva våren 1997, RB-rapport 272.

30. GUDDALSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	36 km²	**Anadrom elvestrekning**	*2 km*
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	3,5 m³/s	**Anadromt elveareal**	*20.000m²*
Vassdragsnr.	045.32Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N. areal**	0

2. Fangst



FIGUR Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1989-1994 og 1996-97. Frivillig låg beskatning utover 1990-talet.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	7	2,6	-	22	11	30	2	-	-	-	-
Sjøaure	13	1,0	-	147	26	155	3	-	-	-	-

Det har vore svært låg fangst av både laks og sjøaure i vassdraget på 1990-talet. Det er ikkje gjennomført systematiske ungfiskundersøkingar i vassdraget, men i 1994 vart det fanga 11 lakseungar ved el. fiske nedanfor fossen. Til forskingsføremål er det er bygd fiskefelle i vassdraget som fangar all ned- og oppvandrande fisk. I 2000 vandra det ned 266 sjøauresmolt, men ingen laksesmolt.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.												37		
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ingen	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Utretting, kanalisering, senking	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketrapper**	Ja
Vasskvalitet	pH~6	**Fisketid, laks**	*1/7-15/9*
Nye fiskeartar	Ingen	**Fiskeutsettingar, laks**	5550 startfora i 1994
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris		**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Det er usikkert om Guddalselva har ein laksestamme, og eventuelt den genetiske bakgrunnen for ein bestand.


7. Referansar: RB-rapport 173, Øystein Skaala.

31. OMVIKEDALSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	33 km^2	**Anadrom elvastrekning**	6,5 km
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	3,2 m^3/s	**Anadromt elveareal**	65.000 m^2
Vassdragsnr.	045.31Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1970-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1988 og 1990-93.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**Snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	13	2,4	9	-	21	16	2	0,4	0,3	-	-
Sjøaure	42	1,3	42	-	82	58	3	1,0	0,4	-	-

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.											12			
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ingen	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygningar	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	15/7-15/9
Vasskvalitet	pH: 6,3-6,9	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Nei
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: På lokalt hald blir det hevda at elva alltid har hatt ein eigen laksebestand, men det er vanskeleg å vurdere om denne bestanden er intakt eller om fangsten dei siste åra er av feilvandra villaks og/eller rømd oppdrettslaks. Ved el. fiske i 1994 vart det fanga lakseungar i elva, men tettleiken var låg.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 173.

32. USKEDALSELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	12, Ho	**Nedbørfelt**	46 km²	**Anadrom elvestrekning**	13 km
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	4,4 m³/s	**Anadromt elveareal**	200.000 m^2
Vassdragsnr.	045.2Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	1: 0,1km^2

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 (svart). For laks manglar data for 1989-1992.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		Gytebestand		Innsig		Egg/m²			Presm	Årsyng.
	antal	vekt	snitt	obs. 00	Snitt	00	Mål	snitt	00	/100 m²	L, mm
Laks	12	3,3	6	-	18	33	3	0,1	0,2	0,4 [97]	-
Sjøaure	257	0,9	257	-	514	222	3	1,1	0,5	10,6 [97]	59 [97]

Det blir jamleg fanga eit fåtal laks i Uskedalselva, men dette er mest sannsynleg feilvandra villaks og rømd oppdrettslaks. Ved undersøkingar hausten 1997 vart det fanga 154 aureungar og 2 lakseparr (1,3 % laks), og begge laksane var kjønnsmogne presmolt. Det er sannsynleg at vasskvaliteten allereie lenge før 1970 var for dårleg til å oppretthalde ein laksestamme.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	90	91	92	93	94	95	96	97	98	99	00		snitt
Fiskeses.														
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Nei	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd, masseuttak	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	1/7-15/9
Vasskvalitet	pH no >5,5, kalka litt sidan –96. Doserarkalking er under planlegging	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Tidlegare
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Det er lite sannsynleg at det har vore ein sjølvrekrutterande laksestamme i Uskedalselva dei siste 40 åra. Det skjer rekruttering av laks sporadisk, men dette er mest sannsynleg framand fisk.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 380.

33. BLÅELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	*166km²*	**Anadrom elvestrekning**	*1,5 km*
Komm. nr.	Kvinnherad, 1224	**Vassføring**	-	**Anadromt elveareal**	*20.000*
Vassdragsnr.	042.Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1971-1987. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		Gytebestand		Innsig		Egg/m²			Presm	Årsyng.
	antal	vekt	snitt	obs. 00	snitt	00	mål	snitt	00	/100 m²	L, mm
Laks											
Sjøaure											

Mesteparten av den opphavelege vassføringa er ført frå den anadrome strekninga, og vatnet går no rett i sjøen via Matre kraftverk. Restvassføringa i Blåelva er ikkje kjent, eventuelt om elva er periodevis tørrlagd. I 7-års perioden åra 1981 til 1987 vart det i gjennomsnitt fanga 9 laks kvart år, med 12 laks som det meste, etter 1987 er det ikkje oppgjeve fangst i statistikken.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	90	91	92	93	94	95	96	97	98	99	00		snitt
Fiskeses.														
Gyteses.														Sanns. høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Omfattande fråføringar	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep		**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketrapper**	Nei
Vasskvalitet	Sanns. periodevis låg pH	**Fisketid, laks**	15/7-15/9
Nye fiskeartar	Ingen kjente	**Fiskeutsettingar, laks**	Omfattande smoltutsettingar
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris		**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Det er lite sannsynleg at Blåelva har ein sjølvrekrutterande laksebestand.


7. Referansar: Nordland 1983.

34. KJÆRELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	46 km^2	**Anadrom elvestrekning**	*0,1+ km*
Komm. nr.	Fitjar, 1222	**Vassføring**	2,8 m^3/s	**Anadromt areal**	*2000 m^2*
Vassdragsnr.	044.5Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	1: 2,9km^2

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1980 og 1988-1992.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	14	2,7	11	-	25	64	3	143	321	-	-
Sjøaure	128	0,7	128	-	256	436	3	32	41	-	-

Arealet på anadrom elvestrekning er ikkje kjent, og det er difor vanskeleg å anslå gytebestandsmål. Vassføringa i Kjærelva er redusert på grunn av fråføring til kommersielt settefiskanlegg. Periodevis redusert vassføring kan medføre at større fisk har problem med oppvandring. Arealet for produksjon av laksesmolt er ikkje kjent, men aureungane kan bruke den store innsjøen som oppvekstområde. Laksen som blir fanga i vassdraget kan vere rømd oppdrettslaks, t.d. frå det lokale settefiskanlegget. Ut frå dei opplysingane som føreligg synest det lite sannsynleg at vassdraget har ein sjølvrekrutterande laksestamme.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.														

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ja, til fiskeoppdrett	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Kanalisering	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	1/7-30/9
Vasskvalitet	pH>6,0	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Røye (ca 1980)	**Fiskeutsettingar, laks**	Nei
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Snart ferdig

6. Kommentar: Det er lite sannsynleg at Kjærelva har ein sjølvrekrutterande laksestamme.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 160, 345.

35. ÅDLANDSVASSDRAGET (FRUGARDSELVA)

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	12, Ho	**Nedbørfelt**	30 km²	**Anadrom elvestrekning**	5 km
Komm. nr.	Stord, 1221	**Vassføring**	*1,5 m³/s*	**Anadromt elveareal**	?? m²
Vassdragsnr.	044.3Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	1: 1 km²

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 (svart). For laks manglar data for 1976-77 og 1988-92.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**Mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks											
Sjøaure											

Etter 1988 har det berre vore sporadisk fangst av laks i vassdraget, og sjøaurefangsten er også sterkt redusert samanlikna med før 1998. Det er uklart om laksen som er fanga på 1990-talet er av eigen stamme eller rømd oppdrettslaks og/eller feilvandra villaks. I Vatnaelvo som renn inn i Ådlandsvatnet, vart det ved el. fiske i september 1989 fanga om lag like mange aureungar og lakseungar, men i 1995 vart det berre fanga 1 lakseunge på 180 m².

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.														Sanns. høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Rtegulert, drikkevasskjelde	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Kanalisering m.m.	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	15/6-15/9
Vasskvalitet	pH > 6,9	**Fisketrapper**	1
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Nei
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Det blir hevda lokalt at det finst ein smålaksstamme i Vatnaelvo, men noverande status og førekomst er usikker.


7. Referansar: Nordland 1983, Vasshaug og Grøndal 1990, RB rapport 187.

36. MOSNESELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	*76 km²*	**Anadrom strekn.(km)**	2 km
Komm. nr.	Etne, 1211	**Vassføring (m³/s)**	-	**Anadr.areal (m²x1000)**	30.000 m²
Vassdragsnr.	042.4Z	**Temp. mai-juli**	6,4 °C [98]	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	46	2,8	32	-	78	36	0	3,3	1,8	-	-
Sjøaure	31	0,8	31	-	62	54	3	0,7	0,6	-	36 [95]

Vassføringa i Mosneselva er prega av smeltevatn frå breen sommarstid, med redusert sikt på grunn av breslam, sjølv om deler av brefeltet er fråført. Elva er svært kald om sommaren, og for kald til vellukka rekruttering av laks. Ved ungfiskundersøkingar i 1995 vart det ikkje fanga lakseungar i elva, men det vart registrert utgytt, rømd oppdrettslaks. Laksen som blir fanga i elva er rømd oppdrettslaks og feilvandra villaks.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.														
Gyteses.														Høgt

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Ja, fråføringar	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Nei	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid 2000**	1/7-30/9
Vasskvalitet	God, men breslam	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Nei
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris		**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Mosneselva er for kald i sommarhalvåret til rekruttering av laks, og elva har ikkje eigenproduksjon av laksesmolt.


7. Referansar: RB-undersøkingar i 1995, upubliserte resultat.

37. FJÆRAELVA

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	107 km²	**Anadrom elvestrekning**	1,5 km
Komm. Nr.	Etne, 1211	**Vassføring**	9,7 m³/s	**Anadromt elveareal**	25.000 m²
Vassdragsnr.	042,3Z	**Temp. mai-juli**	-	**Innsjøar, anadr. N: areal**	0

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1970-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart). For laks manglar data for 1988-1992.

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**Snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	32	3,2	24	-	56	91	3	3,7	6,4	0,7	64^{95}
Sjøaure	15	1,6	15	-	30	42	3	0,1	0,1	1	57^{95}

På 1990-talet er det blitt fanga bra med laks i Fjæraelva, men sannsynlegvis er mesteparten av desse rømd oppdrettslaks og feilvandra villaks. Det skjer vellukka rekruttering av laks i elva, sannsynlegvis også av rømd laks, for årsyngel av laks var større enn årsyngel av aure i 1995. Det var låg tettleik av presmolt laks og aure i 1995, men dette kan skuldast fåtallige gytebestandar dei føregåande haustane. Gytebestandane av laks og aure har vore meir talrike sidan 1997, men effekten på rekrutteringa er ikkje undersøkt. Hausten 2000 var det anslagsvis 26 laksehoer som gytte i elva. Tettleiken av kjønnsmogne hannparr av laks var 0,3/100m² hausten 1995. Fjæraelva kan potensielt produsere ca. 3000 laksesmolt pr. år, og ved normal overleving i sjøen er dette nok til å oppretthalde ein sjølvrekrutterande bestand. Det skjer jamleg rekruttering av laks i Fjæraelva, men opphavet til denne bestanden er usikker.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**snitt**
Fiskeses.									mest	mest	mest	mest		>80
Gyteses.			100					> 90						

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Nei	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep		**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid 2000**	1/8-30/9
Vasskvalitet	pH vanlegvis >6, utlagt kalkgrus	**Fisketrapper**	Nei
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar, laks**	Tidlegare
Lakselus	Sanns. problem	**Genbank**	Nei
G. salaris	Nei (1989)	**Driftsplan**	Nei

6. Kommentar: Det er sannsynleg at rømd oppdrettslaks og feilvandra villaks er i ferd med å etablere ein sjølvrekrutterande laksebestand i Fjæraelva. Det skjer naturleg rekruttering av laks i elva, men smoltproduksjonen har så langt vore låg.


7. Referansar: Nordland 1983, RB-rapport 71, 243.

38. ETNEELVA (Storelva og Sørelva)

1. Vassdragsbeskrivelse

Fylke, nr.	Ho, 12	**Nedbørfelt**	252 km^2	**Anadrom elvestrekning**	15 km
Komm. nr.	Etne, 1211	**Vassføring**	22 m^3/s	**Anadromt elveareal**	330.000 m²
Vassdragsnr.	041.Z	**Temp. mai-juli**	11,9 °C [97]	**Innsjøar, anadr. N: areal**	2: 8,7 km^2

2. Fangst



FIGUR. Årleg fangst i antal (søyler) og gjennomsnittsvekt (linjer) av laks og sjøaure, 1969-2000. I perioden 1979 til 1992 er laksen skilt i kategoriane < 3 kg (kvit) og > 3 kg (grå), etter 1993 også > 7 kg (svart).

3. Bestandsdata

	Fangst 93-00		**Gytebestand**		**Innsig**		**Egg/m²**			**Presm**	**Årsyng.**
	antal	**vekt**	**snitt**	**obs. 00**	**snitt**	**00**	**mål**	**snitt**	**00**	**/100 m²**	**L, mm**
Laks	848	3,3	607	-	1455	2051	4	7,1	10,4	8,2 [97]	57 [97]
Sjøaure	420	1,3	420	-	840	918	3	1,6	1,5	2,9 [97]	67 [97]

Etneelva har den største laksebestanden i Hordaland og gode fangstar på 1990-talet, også korrigert for eit relativt høgt innslag av rømd oppdrettslaks. Gjennomsnittleg har det gytt anslagsvis 370 laksehoer kvar haust i perioden 93-00, og 570 i 2000. Innslaget av rømd laks har vore høgt i gytebestanden, med eit gjennomsnitt på 61 %. Det reelle innslaget har sannsynlegvis vore ca. 40 % i snitt. I 1997 var det ein tettleik av kjønnsmogne lakseparr på 2,5/100 m². Den effektive gytebestanden har dermed vore i storleiksorden 1500 på 1990-talet, og >2000 hausten 2000. Det er sannsynleg at produksjonen av laksesmolt i vassdraget er i storleiksorden 30.000.

4. Innslag av rømd oppdrettslaks (%)

	89	**90**	**91**	**92**	**93**	**94**	**95**	**96**	**97**	**98**	**99**	**00**		**Snitt**
Fiskeses.	26	17	23	15		8	18		20	46	12			21
Gyteses.	74	79	76	65	44		65	55	61		31			61

5. Påverknader og tiltak

Reguleringar	Sørelva	**Andre parasittar/sjukd.**	
Andre inngrep	Forbygd	**Beskatning, sportsf.**	
Forurensing		**Fisketid, laks**	15/6-10/9
Vasskvalitet	pH >6,2	**Fisketrapper**	1 (7 km frå sjøen)
Nye fiskeartar	Nei	**Fiskeutsettingar , laks**	24.000 startfora i 1994, nær 80.000 ufora i 1995 og 1996. Egg ovanfor anadr. strekning i 1999
Lakselus	Sann. problem	**Genbank**	Frosen og levande
G. salaris	Ikkje påvist (2000)	**Driftsplan**	Under utarbeiding

6. Kommentar: Etneelva har den mest talrike laksebestanden i Hordaland, og truleg ein kontinuerleg produksjon av laksesmolt på berenivået for Etneelva, men ikkje i Sørelva. Det er dokumentert vellukka gyting av rømd oppdrettslaks i Etneelva tidleg på 1990-talet, og genetisk status er litt usikker på grunn av sannsynleg innblanding av rømd laks. Dei fleste årgangane av laksesmolt frå Etneelva synest å ha overlevd betre i sjøen enn smolten frå andre laksebestandar i Hordaland på 1990- talet, men årgangen frå 1997 er eit unntak. Dette kan tyde på at smolten frå Etneelva er mindre utsett for påslag av lakselus enn smolten frå andre bestandar.

7. Referansar: Lura 1995, RB-rapport 380, 408, NINA Oppdragsmelding 659.